


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bødker, B. Haukanes, F.M. Ervik, S. Aadland



SKAPARVERKETS DAG



Det var ikkje strålende sol sist søndag. Etter vekevis med sol og varme var det nesten godt å få ein skuggedag – mild, fin sommar med nok vind til å halda knotten på avstand og glimt av sol bak skyesløret. Ideelt turver for dei som hadde tenkt seg til sætrastemne ved Fitjavatnet. Morgonskoddas skremde kanskje nokon frå å koma – det var ikkje den heilt store flokken. Men mellom bortimot 40 stk. vart det med smått og stort. Nokon kom i båt, nokon i kano/kajakk, og fleire kom gåande frå begge sider av vatnet. Sauene hadde vore der dagen før, slik at sætervollen fekk den rette lukta av dyr på beite. Litt bjølleklunk akkompagnerte seljefløyta i preludiet, og etter

kvar tona «no livnar det i lundar» mellom fjella.

Me feira «skaparverkets dag» - og fekk i tillegg til å høyra forteljinga om Noah, også ei påminning om å ta vare på naturen og jorda me lever på. Noah fekk ein ny sjanse då flaumen kom og alt vart øydelagd. Om me øydelegg vår jord med forureining på ulikt vis, får me ikkje noko sjanse til å gjera det om att.

Til slutt i gudstenesta song me ein sommarsalme av Anders Holmefjord med tone av Eilert Tøsse. Denne er laga om å feira gudsteneste ute i «kyrkja mellom stein og strå». Me vil gjerne dela den med lesarane våre, og ynskja god sommar!

1 Eg vandrar på ein blomsterveg i dogga gras med lette steg mot kyrkja mellom stein og strå, der klokker kallar, små og blå. Mi albertavle er ein fjord med himmel over, lys og stor, og frå mi blomstereng av gull det flyg ein vakker sommarfugl.

2 Høyr trosten trutt si salme kved, den tonen andar liv og fred, og bakom lyder det eit kor som helsar blidt sin songarbror. Mitt orgel brusar frå ei elv, ein foss i kvite strålar fell og strøymer i ein døyppedam, velsigna vatn fyller han.

3 Slik Jesus der i Jordan stod. Guds son då dåpen tok imot. Frå himlen dala dua ned, Guds Ande fylte han med fred. Så var han for sin gjerning klar, i eitt og alt han trufast var, ja, frå all synd oss gjorde rein. Då velta vart den siste stein.

4 Sjå, steinen er mitt alterbord med duk av lav og moseflor, eg fell på kne og andar inn det Du har gjort med nåden Din. Her i Ditt store kyrkjerom eg høyrer at du seier: «Kom! Min fred eg også gir til deg!» Ein evig sommar ventar meg.

GUDSTENESTER I SOMMAR

I fleire år no, har me ikkje hatt gudstenester kvar søndag når det sumarferietid. I **juni** har me to stemnehelger, men siste helga med vanleg gudsteneste på Haga. I **juli** har me gudsteneste den 1. på Ådland og den 15. på Haga. Merk at begge desse vert kl. 11, ei endring i høve til programmet vårt. Den 29. feirar me olsok saman med kvemmingane, med felles gudsteneste i Norheim-sund. Det er første gongen me prøver på noko slikt, og håpar

på at mange vil ta seg ein sommartur over «skogen» den føremiddagen. Frå den 12. **august**, vert det meir normale tilhøve att, med minst tre gudstenester i månaden. Om veret vert lagleg, avsluttar me sommarsesongen den 26. med friluftsgudsteneste på «Neset» på Ådland og grilling og leikar etterpå.

Vel møtt til gudsteneste i sommar! Følg med på lysingar i «Samningen».



KVA ER PÅRØRANDE SITT ANSVAR PÅ KYRKJEGARDEN?

Etter sist kyrkjeside har det kome nokre spørsmål om kva som er pårørande sitt ansvar på kyrkjegarden. Det er berre sjølve gravsteinen og plantefeltet framfor som er pårørande sitt ansvar. Det å så til ei ny grav med grasfrø og jamna til dumpar med ny mold, høyrer til kyrkjegardsarbeidaren sitt arbeid.

Frå kyrkjeboka



Døypte

- 29.4.**
- Linus Liøen
- Solveig Kalvenes
13.5.
- Hermine Knutsen
Davidsen
20.5.
- Ylva Fossdal Moe
- Iselin Jørgensen Utskot



Vigde

- 5.5.**
Jan Helge Gausvik og
Kristina Erdal



Gravlagde

- 2.5.**
Einar Bernes
8.6.
Tordis Oddborg Haga